

## **Styremøte i Vats Grendautval**

**Onsdag 03.01.13 i Vindafjordhallen kl 19:30**

Desse møtte: Oddny Blikra

Steinar Sørhus

Karin Dyrland Frøland

Severin Fatland

Hilde Fadnes Hølland

Alf Egil Vaula

### Sak 1. Konstituering av nytt styre

Det nye styret til Grendautvalet:

Leiar: Severin Fatland

Nestleiar/skrivar: Hilde Fadnes Hølland

Kasserar: Alf Egil Vaula

Styremedlem: Steinar Sørhus, Oddny Blikra og Karin Dyrland Frøland

Varamedlem: 1.vara: Magne Skrunes, 2.vara: Per Fatland

### Sak 2. Framtidig skuleutbygging, høyringsnotat

Me har fått frå kommunen eit høyringsnotat som går ut på framtidig skuleutbygging, og da med vekt på dei seks barneskulane me har i kommunen. For Vats skule er konklusjonen at det ikkje trengs noko utbygging da det er nok klasserom, grupperom og spesialrom.

Det har komet inn eit forslag til høyringsnotatet og det er å få bygd på eit skråtak/uværskur på skulebygget da det ikkje finnes noko plass å stå under når det regner og bles. Me skriv eit særutskrift om dette til kommunen.

### Sak 3. Møter i 2013

Styremøter for Grendautvalet blir:

3. januar, 7. mars, 25. april, 6. juni, 5. september, 3. oktober

Det blir også satt opp eit årsmøte i november.

Alle møta er i Vindafjordhallen kl 19:30.

Om det blir endringar vil du sjå dette på Vatsnett.com

#### Sak 4. Vindafjordhallen – 20 års jubileum

Det blir 20 års jubileumsfest i Vindafjordhallen 18. mai. Grendeutvalet har blitt spurd om å stille med folk til baren og som dørvakter. Grendautvalet planleggjer dette saman med det/dei andre laga som er sett opp på same ansvarsområde.

#### Sak 5. Sykkel og gangsti frå Knapphus til Kårhus

Severin tek kontakt med kommunen og Hildbjørg Fludal for å høyre korleis framdrifta går på dette prosjektet.

For Vats Grendautval, 07.01.13

Hilde Fadnes Hølland

-skrivar/nestleiar-